

Utgreiing openheitslova 2023/24

Bakgrunn og organisering

Utgreiing for openheitslova for året 2023 gjeld for PHL HOLDING, med følgande underselskap PHL Seagold, Leinebris, Sjøvær og Fosnavåg Rederipark.

Selskapa har verksemd innan fiskeri, fiskehandel og eigedom. Selskapa held til og vert drifta i Fosnavåg, med størsteparten av tilknytte leverandørar og operasjonsområde innanfor Noreg.

- PHL Holding opererer som eigarselskap for konsernet, med Paul Harald Leinebø som dagleg leiar.
- PHL Seagold er eit familieselskap som kjøper og sel frosen kvitfisk frå norske fartøy.
- Leinebris & Sjøvær er havgåande linefartøy som driv med ombordfryst produksjon av norsk kvitfisk.
- Fosnavåg Rederipark er eigedomsselskap med kontorlokale i Fosnavåg.

Som familieselskap generelt er PHL Holding med underselskap organisert på ein enkel og transparent måte som gjer det enkelt å halde kontroll på eiga verksemd og verdikjede. Vi benyttar oss i hovudsak av kjente aktørar med godt omdømme og gode relasjonar, der vi har langvarige kontrakts- og samarbeidsforhold. All fisk blir kjøpt og solgt gjennom godkjende norske fiskesalslag, som gjennom fiskesalslagslova utøver offentlig myndigheit og regulerer kjøp og sal av norsk fisk. Fangstsertifikat kan vidare benyttast til på tilgjengeleggjer informasjon som er relevant for openheitslova, i form av eit sjølverklæringsskjema som utstedast til alle som leverer fangst via fiskesalslaga for vidare sal.

Forankring og rutiner

PHL Holdings arbeid med openheitslova er forankra internt og selskapets styre har vedteke å arbeide i tråd med lova. Vi har etablert og vedteke rutinar for regelmessige aktsemdvurderingar i henhald til openheitslova og OECDs retningslinjer, for å sikre ivaretaking av regelverket både internt og for våre leverandørar og samarbeidspartnarar.

Vi har valt å inngå samarbeid med Metizoft for å sikre at vårt arbeid med openheitslova blir gjort på ein grundig og tilstrekkeleg måte, som ein del av vårt overordna ESG-arbeid. Gjennom bruk av Metizoft sitt analyseverktøy blir alle våre leverandørar screena årleg, med bruk av trafikklysordning. Dei leverandørane det skulle vere behov å sjå nærmare på blir fylgt opp og kontakta gjennom elektronisk skjema. Eventuelle funn blir fulgt opp frå år til år, der eigna tiltak for aktuelle avvik blir vurdert for å stanse, forebygge eller begrense negative konsekvensar.

Målet vårt på sikt er å få på plass rutinar der heile organisasjonen og tilsette forøvrig får eit meir konkret forhold til openheitslova og kan implementere det i sitt daglege arbeid. Vi arbeider også med å få på plass ein «supplier – code of conduct», som stiller krav til våre leverandørar som ein del av vår aktsemdsvurdering ved inngåelse av nye kontrakter.

Risikovurdering og funn

I vårt arbeid prioriterer vi risiko etter følgende dimensjonar: alvorlegheitsgrad, omfang, mulegheit for gjenoppretting og sannsynlegheit.

Risiko i eiga verksemd

- Det er funne at dei største risikoane knytt til eiga bransje i norsk fiskeflåte er knytta til HMS, psykososialt miljø og sosiale rettar.

Produktrisiko/bransjerisiko i leverandørkjeden

- For fiskeri er generell risiko tilknytt fangstreiskap, emballasje, agn, elektronikk og anna teknisk utstyr, samt verft, arbeidstøy og fottøy.
- For kjøp og salg av fisk er det knytt generell risiko til transportsektor.
- For eigedom er det ikkje vurdert å vere verken spesiell eller generell risiko knytt til drifta.

Geografisk risiko

Leverandørar og partnarar vert innleiingsvis vurdert basert på land dei opererer i og evaluert basert på deira klassifikasjon frå ITUC Global Workers' Rights Index, Freedom House's Political Rights and Civil Liberties, UNICEF's Child Labour Assessment og Transparency International's Corruption Perception Index.

Basert på mellom anna kriteria over har vi vurdert eit utval av våre leverandørar for å sørge for at grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold er ivareteke. Særleg har rapporten «Utredning om risikoforhold i den norske fiskeflåten relatert til åpenhetsloven» av Stakeholder på vegne av FHF vorte brukt som hjelpeverktøy, i kombinasjon med Metizoft sitt analyseverktøy.

Leverandørar med verdi over 50 000,- er vurdert og kartlagt basert på bransje, land og spesifikk vurdering på enkeltleverandørar for å avdekke eventuelle negative forhold. I vurderinga er også leverandørar som opererer i utsette bransjar eller land fylgt opp med sjølverklæringsskjema eller bedriftsbesøk.

Kartlegginga vår viser at størsteparten av våre leverandørar er norske, der selskapa sjølve ser ut til å ha gode utgreiingar for deira arbeid med openheitslova. Sidan både Tyrkia som land og bransjen båtbygging slår ut på raudt har vi gjort ekstra vurderinga knytta til Tersan Shipyard i vårt arbeid, med bakgrunnssjekk, møter, ESG-rapport og fysisk oppfølging på staden. Vi konkluderer med å at vi er svært fornøgde med resultatet av vurderingane våre.

For eiga verksemd ser vi at andre lovpålagde rutinar allereie bidreg inn i arbeidet med aktsemdvurderingar. Krava i den internasjonale norm for sikkerheitsstyring (ISM) og skipssikkerheitslova er overlappende når det gjeld retningslinjer, risikokartlegging, tiltak og evaluering for risiko knytta til HMS om bord på våre fartøy. Alle tilsette er dekte av og all aktivitet under PHL Holding vert opererte og drifta i henhold til Arbeidsmiljølova og gjeldande nasjonale krav. Mannskapet på fartøya får lønn iht. tariff frå Norges fiskarlag. Ulykker rapporterast til Sjøfartsdirektoratet, som igjen har ansvar for oppfølging og inspeksjon av flåten. Ifølge FHF-rapporten om openheitslova viser større reiarlag seg å ha betre rutiner for HMS

og haldningsarbeid. Sjølv er vi opptekne av å vere til stades og representere ei haldning og kultur som bidreg til godt arbeidsmiljø. Dagens moderne fartøy har automatisk teknologi og innebygde dekk som gjer fysisk arbeid om bord lettare og tryggare for både kvinner og menn. Det at vårt eksportselskap er registrert og får 100 % score i Sedex sin SMETA-revisjon viser oss at vi har kontroll på og følger internasjonale standardar for arbeidskraft, helse, og sikkerheit, miljøprestasjon og etikk innanfor eiga verksemd.

Under arbeidet med aktsemdsvurderinga er det ikkje avdekkja faktiske eller potensielle negative konsekvensar frå eiga verksemd, i leverandørkjede eller hjå forretningspartnarar. Dei enkeltleverandørane som er merka med høgare risiko er handtert på ein god måte gjennom sjekk, skjema og kommunikasjon. Dei blir også fylgt opp vidare i vårt pågåande arbeid med openheitslova. Det har derfor ikkje vore behov for større tiltak på noverande tidspunkt.

Oppfølging

Har du ytterlegare spørsmål om korleis vi arbeidar med grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, openheitslova eller aktsemdsvurderingar kan du kontakte administrasjonen ved Lisa Leinebø Pinheiro på mail lisa@phlseagold.no.

I henhald til openheitslova vil dette bli besvart seinast innan 3 veke.

Fosnavåg, 26.06.2024



Paul Harald Leinebø
Styreleiar PHL HOLDING